

Dommarkoordinator Hareid IL fotball

Hareid IL fotball sin dommarkoordinator har ansvar for å rekruttere, rettleie og utvikle dommarar i klubben. Dommarkoordinator er per i dag Tor Henning Andersen.

Arbeidsoppgåver til dommarkoordinator

- Dommarkoordinator sin viktigaste oppgåve er å ha god kontakt og godt samarbeid med klubbens dommarar, klubbens styre og administrasjon, lagsleiarar og trenarar samt SFK.
- Dommarkoordinator har, saman med styret, hovudansvar for å rekruttere og behalde nok dommarar i høve talet på lag.
- Dommarkoordinator skal aktivt prøve rekruttere dommarar i klubben, gjerne gjennom allereie aktive, eller tidlegare aktive som har falle frå.
- Dommarkoordinator skal legge til rette for dommarkurs til dei som ønskjer det, følgje dei opp og rettleie dei.
- Dommarkoordinator har spesielt ansvar med å følgje opp , rettleie og ta vare på dei yngste dommarane, spesielt med tanke på å behalde dei lenge som klubbdommarar for Hareid IL fotball.
- Dommarkoordinator har ansvar for å tilby dei som har ambisjonar og talent vidare oppfølging og etterutdanning i samarbeid med SFK
- Dommarkoordinator har ansvar for også å rekruttere jenter inn som klubbdommarar.
- Dommarkoordinator har ansvar for at dommarane har ein naturleg plass i klubbmiljøet på lik linje med spelarar.
- Dommarkoordinator har ansvar for å fordele dommaroppgåver på aldersbestemte kampar i sesongen slik alle får dømme.
- Dommarkoordinator skal kalle inn og arrangere eitt internt dommarkurs med klubbens lag. SFK stiller med instruktør.
- Dommarkoordinator skal delta aktivt saman med andre tillitsvalde i klubben for å fremme Fair Play.
- Dommarkoordinator skal vere bidragsytar for å heve dommarane sin status i Hareid IL fotball.

Rekruttering

Spelarar som fyller 13 år vil få tilbod om dommarkurs kvart år. Dette kurset ønskjer vi å arrangere i forkant av SBM cup. Deltakarane får då praktisere dømninga under denne cupen. Disse dommarane vil også være våre klubbdommarar under sesongen.

Opplæring

Klubbdommarkurs blir arrangert 1 gang pr år i forbindelse med SBM cup.

Dommerforum

Dommarforum er samlingar som klubben har med dommarane , både nye og etablerte. Dette er ei samling bestående av eit sosialt aspekt som skal bidra til motivasjon og trivsel i den viktige jobbe dommarane våre gjer for klubben.